

NVE

Innsendt dato: 17.03.2014

Referansenummer: KNPBAS

Innsending av høyringsfråsegn

Saksopplysningar	
NVE sitt saksnr.:	200905221
Sakstittel	Grøddalen kraftverk
Høyringsfråsegn frå:	Privat person

Personopplysningar	
Navn	Arild Fosstveit
Telefon	47011852
Adresse	Fosstveitvegen 46
Postnr	4208
Poststad	Saudasjøen
E-post	arild.fosstveit@gmail.com

Høyringsfråsegn	
Høyringsfråsegn	Ekstra innspel til høyring i sak om kraftutbygging i Grødalsvassdraget, Sak nr. 200905221. Reg.nr. 5872, Sauda kommune. Eg har tidlegare kome med innspel til høyring, sendt NVE 23 feb. 2014, om nemnde kraftutbygging. Eg vil her kome med ein del viktig tilleggsinformasjon etter å ha fått i hende konsesjonssøknaden. Planskisse av anlegget (konsesjonssøknaden) viser at tilkomstveg til kraftstasjon og el.kraftsystem kryssar steingarden og over min eigedom på den innhegna Beintframstølen. Å få permanent anlegg tett innpå stølen er eit kraftig terrenginngrep og såleis ei ueigna løysing. Ei slik løysing er eg såleis i mot. Me er for øvrig to grunneigarar som eig på Beintframstølen og som ikkje er delaktige i kraftverkprosjektet. Vidare nedover frå Beintframstølen til Risbrua er det sameige mellom Fosstveit- og Rødsgardane og der utbyggjar eig ein halvpart. Det er òg skissert ei alternativ løysing der røyrgate vert ført over min eigedom, og over i nemnde sameige der òg kraftstasjonen vert plassert. Ved ei slik utbygging vil ytterlegare to grunneigarar, der eg er den eine, ha fallrettar som gjer seg gjeldande. Både alternativa er vist i vedlagte kart (vedlegg 1 og 2). Førstnemnde alternativ er markert som alternativ 1 og sistnemnde som alternativ 2. I desse karta er det nytta kommunen og kartverket sine eigedomskart som underlag. Over dette er det lagt illustrasjonskart henta frå konsesjonssøknaden. Til dette er det så lagt tekst for å få fram eigedomsforhold og andre viktige element. Frå Risbrua (som for øvrig ikkje er styrke-kalkulert) og nedover vil planlagt ny kraftline gå over min eigedom og innskrenke nytteverdien for denne teigen. Eg er for øvrig overraska over at utbyggjar har gått inn for denne traseen i.o.m. at dei kunne ha planlagt tilkomstveg og kraftline for kraftstasjon i hovudsak på sine egne eigedomar på motsett side av elva. Med kraftline ("elektrifisering av dalen") og nye vegar ser me føre oss store endringar i heile Nordstøldalsområdet der tidlegare urørte områder står for fall. Generelt er det delte meiningar blant brukarar av Nordstøldalen med

	omsyn til tekniske inngrep. Det finst dei som vil ha vegar i utmarka, men eg har kjensle av at majoriteten av folk ynskjer å ha mest mogeleg urørt natur i dalen. Diverre er det ofte slik at dei fleste ikkje får uttrykt si meining utan å vere ekstra "til stades" ved høyring. Slik det går fram av mitt tidlegare høringsinnspel er eg i mot denne kraftutbygginga. Eit inngrep - så høgt til fjells - vil truga viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne og friluftsliv. Arild Fosstveit Fosstveitvegen 46 4208 Saudasjøen Gnr 23, bnr 1 Tlf 52781139 / 47011852 / 97785924 Vedlegg: Vedlegg 1 - Oversiktskart Vedlegg 2 - Detaljkart
Høringsfråsegn vedlegg	Ikke angitt
Annan relevant informasjon	Vedlegg 1 - Oversiktskart.pdf
Vedlegg av bilete og kart	
Vedlegg bilete	Vedlegg 2 - Detaljkart.pdf